



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6371 - 23/72695

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
20.09.2023

Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 185/143 Isdal

Tiltak: Dispensasjon for etablering av sandhåndballanlegg
Byggjestad: Gbnr: 185/143
Tiltakshavar: Alver Kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult As

Saka gjeld søknad om dispensasjon i samband med planlagt etablering av sandhåndballbane, gangvegar og amfi i tilknytning til Knarvik ungdomsskule.

Søknad om dispensasjon er nabovarsla, det ligg ikkje føre merknadar.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdeplan for Lonelva-Juvikvarden/planid.: 1263-200901, felt T4 avsett til tenesteyting – undervisning.

Det ligg krav om detaljregulering og krav til utarbeiding av VA-rammeplan før utbygging av område T4 kan ta til.

Det er søkt om dispensasjon frå pkt. 2.1.1 krav om detaljregulering, pkt. 2.1.3 krav om VA-rammeplan og pkt. 3.5.4 arealføremål tenesteyting.

Vi forstår søknad om dispensasjon til også å omfatte dispensasjon frå pkt. 2.3.2 krav til godkjenning av VA-rammeplan innan det vert gjeve løyve til igangsetting av tiltak innan felt T4.

Veglova

I tillegg til omsøkt dispensasjonar i høve plan vil og truleg planlagd tiltak krevje at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå veglova § 29 avstandskrav til gang-/sykkelveg på 15 meter frå senterline gang-/sykkelveg.

VURDERING

Dispensasjon

Det er i første omgang berre søkt om dispensasjon for å avklare tiltaket i høve gjeldande områdeplan. Før det vert fatta vedtak av administrasjonen vert saka sendt på høring til regionale og lokale mynde for uttale. Vår handsaming av saka vil i stor grad avhenge av dykkar uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon fra plan - sandhåndballanlegg - Knarvik ungdomskule - gbnr 185/143 Isdal
Søknad om dispensasjon fra plan - Knarvik ungdomskule - gbnr185/143 Isdal
Eigedomskart
Landskapsplan
Snitt - A-Aog snitt B -B
Snitt C - C

Kopi til:

Alver Kommune v/Eigedom	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Norconsult As	Postboks 626	1303	SANDVIKA

Mottakarar:

Alver Kommune v/avd. Kultur	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver Kommune v/avd. Samferdsle, veg, vatn og avløp	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen